

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8

Fylke: M. o. R.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Øksendal

Emne: Beif og Brom

Bygdelag:

Oppskr. av: J. Brandsfod

Gard:

(adresse): Øksendal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

- SVAR
- 1) Både beif og brom kallar vi bröt. Det var på mange stader mykje nytta heilt til far ein 10-15 år sid. Björk kährde dei heim til ommid. Riset, kvisten, (somme har eg og høyrte det nemt for) var på Diffe braut dei då av i høvelig lengd og gav krötera Fur å (liv) drygja faret var det helst rogn, som vart bruka. Når det leid så langt på varen, at selja (palma) vart den mykje nytta, far ho var ikkje så stram i smaken som rogn. Det vart heller ikkje nokon smak av mjölka slik som når rogn vart mykje bruka. At selja palma, det er, når gäsungane, knappane på selja er vartne lodne og gule og lauvknappane fekk til å kama. (Vier vart og nytta. Helst når lauvet fekk til å rynga. Almen var best, far av den skulde kva(ärta) bygga drön. Dei gamle farfalte, at fekk kua herre bröt og skar, så miste dei(ärte) sluffa å bygga drön. Da mätte ein saka(ärte) av munnen på ei annar keu og lagja i munnen på ho, som hadde mist. Kua skulde da saka til å ärta af. Om dette er tilfelle veit ein ikkje noko vist. Men fekk kyrne nok alen, var det ikkje fare for, at dei miste ärte
- 2) Vi segjer at ein er i brötskåja. Skikjelken vart mest nytta
- 3) Björkabröt vart nytta färrt på året og utover. Rogn fekk dei til med når det minke med faret.

4) I brøfskogen var det lauvjarnet, som vart nytta. Låuvjarnet er amlag 30 cm langt med ein krull fremst på. Den kroken kan ein krøkja i greinene og bøya dei ned, så ein får tak med handa. På jarnet er smid ein tange, som er festa til eit fribeskaft 30-40 cm langt.

(Vi nemner det far (eit låuvjänn)

5) Det var kua, som fikk brøle heilt. Låuene fikk helst større luskar, så dei fikk gnaga sjålv

6) Vidan dei kærde heim med riset på hadde dei i ein dunge (i stuogara) garstunet at med (meas kaffe) vedskjulet.

Ein slik risdunge kallar vi far (meakast). Til jul skulde det vera heimkært ein dugelig meakast så julgeita kunde få gäyna seg i. Karbjø sau eller ku vart ut-slept. Den tid dei hadde gut fekk nok ho ut å gnaga sjålv

7) Skikken med at ein langfredag skulde herda ei bær på fastande hjarta kjenner ein ikkje. Brølet skulde i alle høve helst brylast av med handa. Når ein med hægge handa tok om knisten skulde ein bryta det mot vinstre, for da vart endane på brølet ikkje så kvasse, og det vart beste far krøflera å eta. Braut ein det mot hægge vart endane kvasse. Var riset seikt, så du var nøyd til å hoggja det av med (låuvjänn), skulde det hoggast frå rotinden mot lappen. Da og vart endane på brølet meir flusa. Hoggde ein frå lappene mot rotinden vart endane kvass. I brøfskogen var det (låuvjänn) som vart bruka. (Vi/pila) hoga, hoggde lappene av. Ein rogn, som er avhagd lappene, kallar vi (ein låuvpil) eller ein rognpil. Desse avhoggde greinene drog ein saman og måtte så bryta dei grammarke knistene av med handa. Knistene vart lakt saman i eit lad så stort at du kunde saka rundt det med handa. Dette vart kalla (eit ila). Når du hadde fire slike (ila) sa du dei saman i ein bjærkabindil, med graundane til ymse kantar og jåra det saman. Da hadde du ei brøfbær. Tre fire bære var eit kars arbeid på ei økt. I ei slik rognbrøfbær var det fuldt mål til 7-8 kys.